



Boligsenteret Bergen AS  
Ervikveien 70B  
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/21 - 17/26441

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
15.09.2017

## Mellombels bruksløyve for bustad - gbnr 137/797 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr: 430/17

**Tiltakshavar:** Trond Erik Monsen og Toril Hopland  
**Ansvarleg søkjar:** Boligsenteret Bergen AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunen mottok 24.08.2017 søknad om ferdigattest for bustad på gbnr 137/797.

Rekkjefølgjekrav i planen er ikkje oppfylt. Det ligg føre mellombels bruksløyve for veg og fortau, jf vedtak datert 06.09.2017 i arkivsak 16/1049. Det er i skriv mottatt 13.09.2017 stadfesta at rekkjefølgjekrav til oppstillingsplass for buss og post er oppfylt. VA-anlegget i området er ferdigstilt med ferdigattest, jf vedtak datert 15.09.2017 i arkivsak 16/1714.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.08.2017, supplert 13.09.2017 og 15.09.2017.

### VURDERING

Kommunen kan ikkje gje ferdigattest for bustadar innanfor feltet før rekkjefølgjekrav i planen er oppfylt. Administrasjonen finn at det kan gjevast mellombels bruksløyve for tiltaket. Dato for ferdigstilling vert sett til 31.12.2017 som er same dato som er sett for ferdigstilling i vedtak om mellombels bruksløyve for vegen. Ansvarleg søkjar vart orientert om dette i telefonsamtale 08.09.2017.

### Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Einestad
Bruksareal:	122 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1



## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gbnr 137/797 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.2017.

### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/21

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Reigstad Bygg og Eigedom AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
Toril Hopland	Isdalstøbakken 73	5916	ISDALSTØ
Trond Erik Monsen og Toril Hopland	Lonsvegen 7	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Boligsenteret Bergen AS

Ervikveien 70B

5106

ØVRE ERVIK